



Vennelaget for Lensmannsgarden

Årsmelding for 2022

I februar 2022 blei restriksjonar knytt til korona-pandemien oppheva, og samfunnet kunne gå attende til ein normal kvardag. Det er gledeleg at aktiviteten i løa tok seg opp att på nivå med før-korona tida.

Det er Hå kommune ved Servicetorget som administrerer aktiviteten i løa. Lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis, mens privatpersonar og verksemder betalar leige. Servicetorget har opplyst at det har vore 63 dagar med betalt leige, mens det har vore gratis utlån 280 gonger. Dei som låner løa gratis regelmessig er Lensmannsgarden barnehage, Ungdomsklubben, Språksprell, Varhaug seniordans og Lunsjtreffet.

Lunsjtreff-komiteén i Vennelaget har arrangert lunsjtreff to onsdagar i månaden frå mars av, totalt 10 gonger. Talet på deltakarar har stort sett vore rundt 35-40.

Vennelaget har godt samarbeid med Hå kommune og har jamlege møter. I år har møtene handla om arbeidet med sprinklaranlegget.

I 2022 blei arbeidet med lyddemping i løestova starta. Foreløpig resultat blei bra, men styret i vennelaget ynskjer ha lyddemping på den siste vegg og, og vil arbeide for det i 2023.

I siste del av 2022 starta Hå kommune med montering av sprinklaranlegg i både 1. og 2. etasje i løa. Vennelaget hadde ein større dugnad for å få av golvet i løa, og dette arbeidet gjekk langt raskare enn forventa. Vennelaget vil også ha dugnad for å leggja på golvet att, og alt arbeidet skal etter planen vera ferdig vinteren 2023.

På grunn av både korona og arbeidet med sprinklaranlegget, var det berre ein konsert i regi av «Kultur i Løå» i 2022, elles sjå årsrapport frå «Kultur i Løå»-komiteén. I tillegg arrangerte styret 17. mai fest.

Vennelaget er medeigar i Varhaugbuen, og ein brukar bladet aktivt for å få ut informasjon om Vennelaget sine arrangement, både program, førehandsomtalar og reportasjar i etterkant av arrangementa. Eivind Galtvik har vore Vennelaget sin representant i styret for Varhaugbuen.

Styret i Vennelaget har hatt 4 styremøte i 2022. Medlemstalet i Vennelaget er 345. Styret i Vennelaget har eit mål for 2023 å auke medlemstalet.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår; www.lensmannsgarden.net , og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også til facebook-sida «Kultur i Løå». 925 personar følgjer denne sida.

Styret i Vennelaget har vore:

Astrid Skretting, leiar
Odd Einervoll, kasserer
Monica Aase, styremedlem
Eivind Galtvik, styremedlem
Åsbjørn Ueland, sekretær
Kjetil Skrettingland, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

«Kultur i Løå»-komité:

Geir Egil Rosland, leiar
Frank Håland
Karin Frausing Varhaug
Randi Jelsa Skrettingland
Renate Tråsavik

Lunsjtreff-komité:

Eli Aanestad
Inger Haugstad
Irene Bratland
Kjellaug Ånestad Varhaug
Myrtle Tjemsland
Liv Reiestad
Liv Tone Stueland
Benny Berge
Ingunn Reiestad

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Linn Lode
Geir Egil Rosland
Brit Elisabeth Bratland